

VI BYGGER OM

- ei audiovisuell førestilling for barn med broderte bilde, poetiske tekstar og musikk med Helga Gunerius Eriksen og Anette Thorsheim

Om prosjektet

Helga Gunerius Eriksen har samla skattar frå skuffer, skrap frå grøfter, stoffbitar og fjør og lagar broderte materialbilde til ein serie ho også skriv poetiske tekstar til. Bildeserien er ei forteljing om katastrofe og gjenoppbygging – frå krise til nytt håp. Ho tek utgangspunkt i verdssituasjonen i dag, med krig og terror og menneske på flukt, men dette er ei forteljing om korleis det øydelagde kan reparerast og brukast om att til noko nytt og lovande: "No må vi gjere så godt vi kan."

Materialbilde av tekstil, broderigarn, pynteband, knappar, skruar, spiker, gaupepels, fjør, ormeskinn, paljettar, skjel, plastleiker, ymse skrot. Bilda har figurar som er sydde slik ho sjølv teikna menneske som 3-åring, og det uhøgtidelege og enkle uttrykket er meint som inspirasjon til alle som tenkjer at "eit slikt bilde kan eg også lage". Tekstane er små dikt som hjelper publikum å følgje forteljinga frå ruin til reparasjon.

Musikken er inspirert av bileta og forteljinga i Vi bygger om. Fire låtar av ulik karakter dannar ramma for musikken i førestillinga, med rom for improvisasjon undervegs i kommunikasjon med forteljaren og barna.

Tekstilbilda og tekstane vil vere monterte på 15 plater som kan stillast opp i klasserom, korridorar, bibliotek eller andre lokale. Førestillinga vil vere høgtlesing med levande musikk. Etterpå gjer vi saman ei vandring frå første til siste bilde i utstillinga, der vi samtalar om bilda og korleis dei er laga, om teksten og kva han fortel, og om musikken og kva han uttrykker. Vandringa i utstillinga er meint å stimulere elevane til å fortelje eigne historier gjennom materialbilde, tekstar og musikk - det er ikkje så vanskeleg som ein skulle tru, og krev ingen spesielle forkunnskapar.

Helga Gunerius Eriksen er cand. mag. med faga keramikk og filosofi, og forfattar av eit tjuetals bøker for barn, unge og vaksne. Ho har skriva dramatik, poesi, tekstar for tidsskrift og terreng, til musikk og dans, utstillingskatalogar og antologiar. Ho har også illustrert eigne bøker på poselen og tekstil, laga landskapskunst og hatt tverrkunstnarlege samarbeidsprosjekt. I tillegg har ho forfattarturnear og hundrevis av klassebesøk og besøk i barnehagar bak seg. Ho har motteke Kritkarprisen, Brageprisen og Samlagsprisen.

Anette Thorsheim er folkemusikar med toradar som hovudinstrument og utdanning frå Musikkhøgskulen i Stockholm og Høgskulen i Telemark. Ho er verksam solo og i ulike ensemble. Ho likar særleg godt å spele til dans og inspirert av den tradisjonelle musikken i Noreg og Sverige komponerer ho ny musikk. Ho har undervist på alle nivå og har erfaring med bruk av musikk i møte med barn med spesielle behov.

November 2017 fekk vi støtte til prosjektet frå Nordhordland kompetanseregion. Vi utviklar prosjektet vidare utover hausten: Gjer lydinnspelningar i studio, ferdigstiller ein katalog over utstillinga med eit pedagogisk opplegg m.m. Skuleklassane får spørsmål og forslag til etterarbeid der dei sjølv kan lage bildeseriar/tekstar/musikk. Vi vil også dele lenker til musikken.

Formidlingsplan

Aktuelle arenaer for formidling av prosjektet er bibliotek, litteraturhus, galleri, barnehagar og skular. Utpå hausten skal me ha oppdrag for Den kulturelle skulesekken i Bergen kommune og våren 2019 turnerer me for Den kulturelle skulesekken i Hordaland. Det er etablert eit samarbeid med Nordhordland kompetanseregion om spreining av informasjon til skulane i Nordhordland. Vi har produsert infomateriell til skulane om opplegget vårt. Dette er også materiell som nyttast til å marknadsføre prosjektet opp mot litteratur- og folkemusikkfestivalar. Me ser fram til å kome ut med den audiovisuelle vandreutstillinga vår.